



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for April 2019.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
54



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Vegard Gjerde
Visepres: Bjørn Teigene
Sekretær: Knut Strømsjordet
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem: Oskar Grimstad
Ansv.red.: Åge Nytun
Referent: Hans Gisle Holstad

April i Vestre Aker

En solbakke, hvori
jeg drømmene døser
og plirrer med øiet
mot skyernes skin . . .
Der silrer en vaarbek,
der dirrer en lerce,
en løvetand flammer
sig ind i mit sind.

Saa vidt har jeg færdes,
men skulde dog mene
jeg kjender hver aasrygg,
hver skogrand fra før,
hvad enten de stiger
i høstdagens farver,
hvad eller de hviler
i sommernatsslør.

Som gut har jeg tumlet
her dagstøtt om vaaren
og lyttet til rytmen
i fjeldbækkens spil.
Lik solskyer jaget
hans dikte i sindet
og løftet min tanke
og tændte dens ild.

Den første av blomster,
som blaante bak sneen
og ydmykt forkyndte
sin ankomst, var hans.
Og kampen, som dengang
bar storm over landet,
hans liv gav den kræfter,
indvielse, glans:

Bestraalede tider,
da sindet i andakt,
i harm eller smerte-
tung jubel var med,
da jorderiks guder
selv tok mig i haanden
og gav mig til eie
det beste, jeg vet!

In memorandum: Henrik Wergeland

Referat frå Rotarymøte 1. april 2019.

Det vårast ute. Opningssongen vart difor « Å vesle lerka ho hev det so.....»

Etter nokre orienteringar av president Vegard, var det klart for dagens tema. Og temaet vart såpass interessant at «rotarytimen» vart for liten.

Oskar Grimstad nyleg valt som styreleiar i rederiorganisasjonen «**KYSTREDERIENE**», fekk først ordet. Men overlet det raskt til adm. direktør for rederiene; **Tor Arne Borge**.

Organisasjonen var skipa i mai -18, og var ein **samorganiseringsorganisasjon for nærskipfart** i Norge. Tema denne kvelden var såleis ei orientering om denne organisasjonen som han kalla « heile kystens rederiforeining», og som var ein av dei tre største i sitt slag i Norge.

Organisasjonen har hatt ei utvikling frå etableringa i 1935 i Bergen i Norsk fraktesfartøyslags foreining. Og organisasjonen vart endra i takt med medlemsutviklinga. I 1949 vart det Fraktesfartøyenes rederiforeining og i 1970; QVA-shipping. ,- og så Nautilus sjø i år 2000 og Kystrederiene i 2016. I 2018 vart organisasjonane samordna i **Kystalliansen**.

Rederiet tilbyr total havromskompetanse med fokusområde; Short Shipping (Gods, Tank og Bulk), -og AQVA Shipping (Brønnebåtar, Fiskefor og Service)

I dag er det 10,2 årsverk i rederiet, for å ta seg av interesser til interessentane, nemnde ovanfor.

--

Borge understreka at båtana i dag hadde ein relativ høg snittalder., nært 30 år, -noko som måtte gjerast noko.

Referat frå Rotarymøte 8. april 2019.

Den tradisjonelle vårdugnaden gjekk denne mandagen av stabelen i fint vårver, men med ein kald vind som gjorde at ein måtte arbeide hardt for å halde varmen.

Frammøte ved Vadbakkbrua, der **Ove Midtflø** og **Sverre Jarl Ulstein** fordelte mannskapet; ein del framover mot Grimstadvatnet, og nokre frå Mølnebrua og framover.

Jan Bigset stilte med traktor saman med **Karsten Brandal**. Dei konsentrerte grusinga på fremste delen av stien , mot Grimstadvatnet, medan **Jarle Kristiansen** med sin ATV og m/mannskap konsentrerte seg om strekninga lengst nede mot sjøen og framover mot kvernhuset.

Frammøte av mannskap til jamning og raking var bra, men kunne ha vore betre.

--

Og som vanleg når timen, og vel så det , var over , --møtte **Vigdis Rise** og **Karin Holstad** opp med kaffi og kaker som ei god avslutning på ykta.

--

Stien frå sjøen og fram til Grimstadvatnet ser no bra ut.

Neste dugnad vert mandag 13. mai. Men då er det **ryddedag i fjøra** , tenkt frå Broddbuda og mot Fransefoss og Brandal. med.

Ein har difor sett i gang eit prosjekt dei kallar «**flotefornyng**» der ny teknologi i hybridløysingar stod sentralt.

Men han avslutta med at utfordringane var å få fatt i risikokapital til nysatsinga. Dessutan var det for mange og for korte avtalar.

Å finansiere meirkostnaden i overgang til miljøteknologi, var eit satsingsområde.

--

Interessant tema , med mange spørsmål i etterkant.

NB: Mandag 15.4. og mandag 22.4 var det ikkje rotarymøte pga påskehelga.

Referat frå Rotarymøte 29. april 2019.

Rotarymøte mandag 29.4. 19 var siste møte i april og utan program

Vi opna med å synge «I sommerens solliga dager....» ,for vår og «sommar» rådde grunnen denne dagen. Presidenten opplyste i si «presidenttid»(15 min) innleiingsvis at klubben hadde fått tildelt kr 30 000 frå Hareid Elveigarlag til stell av Rotarystien. Det låg føre nokre vilkår,m.a at greinavfall ikkje skulle leggst frå seg mellom stien og elva. Det vart klappa og takka for tilskotet.

Dessutan opplyste president Vegard om at sentralt hald i rotary hadde bevilga 18 000 dollar til prosjektet i aust-Europa: Mor-Barn sjukehuset. Ein forventa også tilskot frå eit-par andre , samt håp om private midlar.

Månadsbrev utsendt.

Elles gjekk samtalaner rundt borda,-noko ein av medlemane høglytt ga uttrykk for; at slike «frie» stunder rundt borda var naudsynt ein gong i månaden